

**DETALJREGULERING STEINUTTAK PÅ GNR. 49 BNR. 3, STOKKELAND  
VESTNES KOMMUNE**

**PROSESS**

25.05.2023



PlanID 15350160



# 1 OPPSTART

## TIDSLINE

- 2019 Dispensasjonssak, der kommunen krev oppstart av reguleringsarbeid. Merknader til dispensasjonssaka frå Statens vegvesen, Møre og Romsdals fylkeskommune, Direktoratet for mineralforvaltning og Fylkesmannen i Møre og Romsdal
- April 2020 Planinitiativ
- 25.06.2020 Oppstartsmøte med Vestnes kommune. Referat er vedlagt.
- 22.03.2021 Oppstartsvarsel, sendt brev til naboor og høringsinstansar  
Adresseliste  
Annonse i Vestnesavisa
- 26.04.2021 Frist for innspel  
Mottatt innspel frå følgjande:  
Statsforvaltaren  
Direktoratet for Mineralforvaltning  
Noregs vassdrags- og energidirektorat, NVE  
Møre og Romsdal fylkeskommune  
Oppsummering og kommentarar til innspela følgjer nedanfor.

I oppstartsmøte med Vestnes kommune vart planområdet utvida til mellom anna også å gjelde del av gnr. 47 bnr. 11. Planområdet i oppstartsvarselet er i samsvar med dette.

## 2 INNSPEL

### Statsforvaltaren

«Det er viktig at utviding av masseuttaket ikkje medfører negative konsekvensar for myra», og ber om at det blir nytta fagkyndig kompetanse for «vurdering av om utvidinga vil påverke myrarealet.»

Det må gjerast ei naturmangfaldsvurdering, som må gå fram av planomtalen.

Ved tilbakeføring til dyrka mark, bør ein legge rettleiaren « Jordmassar -frå problem til ressurs» til grunn.

Det blir vist til at det skal utarbeidast ei ROS-analyse, og at ein skal bruke kunnskapsgrunnlaget i «Klimaprofil Møre og Romsdal» ved vurderingar etter «Statlege planretningslinjer for klima. Og energiplanlegging og klimatilpassing».

Det må utarbeidast ei støyfagleg utgreiing, som avklarar forholdet til støyfølsame bygningar i området, og eventuelle behov for tiltak må innarbeidast i reguleringsplanen.

Det blir også peika på at «dersom tiltaket vil innebere stasjonert eller midlertidig knuseverk samt siktestasjon som produserer pukk, sand og singel, vil dette vere omfatta av forureiningsforskrifta kapittel 30.»

#### *Kommentar:*

*Det er gjort undersøkingar, registreringar og naturfagleg vurdering av «Djupmyra», og ein har ved utforminga av planen tatt nødvendig omsyn til denne.*

*I ROS-analyse og planomtale er dei ulike faglege tema som Statsforvaltaren peikar på vurderte.*

*Vedrørende støy og eventuelle ulempar, er det lagt til grunn at det årlege omfanget av drifta vil vere slik det er i dag, dvs drifta av ein person. Dei restriksjonane som ligg på drifta i dag vi bli ført vidare i planføresegnene, og har vist seg å vere tilfredsstillande over lengre tid.. Nye støyberekingar er såleis ikkje gjennomført.*

### Direktoratet for mineralforvaltning

Planomtalen bør innehalde «ei utgreiing av kvalitet på massane, og ei skildring av eventuelle kvalitetsvariasjonar. Det bør også vurderast bruksområde og marknad på kort og lang sikt for produkta.»

Det må i reguleringsplanen leggast rammer for avslutninga av uttaket.

Forholdet til minerallova bør innarbeidast i reguleringsføresegnene, for eksempel slik: «Drift skal skje i samsvar med føresegner i minerallova med gjeldande forskrifter, samt vilkår i løyve etter lova. Direktoratet for mineralforvaltning er myndigkeit etter lova.»

Det må settast av «tilstrekkeleg areal for sikringstiltak, og for tilsyn og vedlikehald av desse.» Denne sona bør ikke vere ein del av uttaksområdet i reguleringsplanen.

#### *Kommentar:*

*Forholda til naturressursen, drifta og etterbruken er innarbeid i planomtalen. Likeins er viser reguleringsføresegnene til minerallova slik Direktoratet for mineralforvaltning foreslår.*

*Reguleringskartet viser sikringssone utanom uttaksområdet.*

#### **Noregs vassdrags- og energidirektorat, NVE**

Noregs vassdrags- og energidirektorat har ikke konkrete innspel eller merknader til planarbeidet, men viser til aktuelle rettleiarar for planarbeidet. Vidare blir det presisert at «I plandokumenta må det gå tydeleg fram korleis dei ulike interessene er vurdert og innarbeidd i planen.»

*Kommentar:*

*Gjennom ROS-analysen og i planomtalen har ein vurdert aktuelle problemstillingar som vedkjem denne reguleringsplanen, og dette er grunnlaget for utforminga av sjølve plankartet med tilhøyrande føresegner.*

#### **Møre og Romsdal fylkeskommune**

Fylkeskommunen stiller krav om at det må innarbeidast eit rekkefølgjekrav for «at avkøyrsla må regulerast i tråd med N100 før igangsettingsløyve blir gitt.»

Det blir vist til at omsynet til registrert kulturminne ID 231194 må innarbeidast i plan og føresegner. Tillegg til reguleringsføresegner er konkretisert.

*Kommentar:*

*I utgangspunktet er avkøyrsla frå Fv661 ikkje innanfor dette planområdet. Men det er tatt med føresegner om avkøyrsla med utgangspunkt i ROS-analysen.*

*Det aktuelle kulturminnet ID 231194, ligg utanfor planområdet. Men det er vist i plankartet, og omtala i føresegnene.*

Vedlegg:

- Planinitiativ
- Referat frå oppstartsmøte
- Varsel om oppstart
- Adresseliste
- Annonse
- Innspel, 1-4